

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

Oktober/November 1984

38. årgang

Anfin Trettenes sluttar som klokkar i Vaksdal



Ved gudstenesta i Vaksdal 1. juli fekk Anfin Trettenes gåva og takkeord frå Vaksdal kyrkjelyd, ved varaformann i soknerådet, Gudrun Boge Karlsen. I 1955 bad sokneprest Totland Trettenes om å bli medhjelpar, og han tok til i tenesta 1.1.1956. I 1966 bad sokneprest Skiftun han om å bli klokkar, og han tok til 24.4.1966. Me takkar han for trufast og glad innsats i snart 25 år, og er glade for at han framleis vil stå til tenesta når han trengst!

HELSTING TIL KYRKJELYDEN I VAKSDAL.

Når jeg nu slutter som medhjelper og klokker i Vaksdal kyrkje, sender jeg en hjertelig takk til prester og medarbeidere for godt samarbeid, og ønsker alt godt for kyrkjelyden. Helsing med salme 121.

Anfin Trettenes.



tanker om tingene

«Aldri mer», sa hun — med trass og tårer i øynene. Det var den ny-innflytete som fortalte fra siste søndags mislykkede kontakt-forsøk. Hun hadde tatt mot til seg og blitt med på åpen kirkekafe etter gudstjenesten. «Menighetshuset var nesten fullt. Men ikke én snakket til meg,» sa hun. «Jeg prøvde med noen replikker. Men de tre ekteparene jeg delte bord med, var nok meget gode venner.»

■ ■ I full gang med nytt arbeidsår i våre menigheter, kan det være god grunn til å spørre: Hvorfor blir det lagt så forholdsvis liten vekt på å kontakte de som dog kommer til oss? Det er bra vi har fine høst-program med stor vekt på at nye må komme. Men hvor er den tilsvarende sans for de som sitter

hetsliv? Jo, ut fra en beklagelig misforståelse om eierforholdet, kom oppfordringen om avlevering ved salmebokhyllen i våpenhuset.

Er vi så usosiale som slike historier gir inntrykk av? Eller — er det bare norsk blyghet og tilbakeholdenhet? Kanskje er hjertene til randen fylte av en venn-

«Aldri mer»

der mellom oss og konkluderer: «Aldri mer»?

Kanskje fant de andre samfunn med varmere klima. Kanskje ga de opp alle ønsker om kristen kontakt. Det eksisterer dessverre en god del historier, skremmende i sin sannferdighet, om mennesker som forgjeves håpet på samfunn i norske menigheter. En av disse beretningene handler om amerikaneren som gikk i kirke hver søndag i hele sitt Norges-år, uten å bli hilst på eller snakket til en eneste gang. Først ved den aller siste gudstjenesten skjedde det noe. Da han den gang forlot kirkehuset med sin medbrakte salmebok i hånden, kom kirkens nye og nidkjære kirketjener etter ham og stanser ham på trappen.

■ ■ hva gjaldt så denne første henvendelsen fra norsk menig-

lighet man ikke tør bry andre med?

Sikkert er det i alle fall, at mange menighetsråd — i stort og velmenende alvor har drøftet spørsmålet: Hva med de, som tross alle våre feil og mangler dog besøker oss? Skal vi ikke finne frem noen hyggelige hilsemennesker — eller på annen måte komme dem i møte? Alt for ofte stanset debatten ved spørsmålsteget. Bl.a. stoppet en ved innlegget som alltid vet å minne om den trang til anonymitet som må respekteres.

Se, den er vi svake for. Vi må i den grad ta hensyn til de kanskje 5% blant oss som er allergiske mot en vennlig hånd — at de 95 som lengter etter den — bare får vandre videre med sin lengsel og sin ensomhet.

Det ligger nært å tenke seg

VÅRT LAND Fredag 12. oktober 1984



Liv Nordhaug

DENNE GONGEN SKAL LIV NORDHAUG, KJEND SALMEDIKTAR, GIFT MED MØREBISPEN OLE, FÅ HALDA ANDAKT FOR OSS, SOM EIT FRAMHALD AV "STILLAS" STYKKET I NR6.

motiver det ikke er så mye å skryte av når vi unndrar oss med slike unnskyldninger. Og egentlig kan en forundre seg over hvor liten oppmerksomhet dette felt av samværs-etikken har fått. Kirken må selvsagt betone det gode i vennskaps- og ekteskapsbånd. Men hva når disse positive verdier blir forhindringer i forholdet til de som trenger oss. Hva når en ikke kan forlate sin hjertevenn såpass at en beveger seg dit noen venter på én å snakke med, bli kjent med, bli venn med.

■ ■ Ikke sjelden leker vi «Skjære, skjære havre», den litt slemme sangleken fra vår barndom. Ofte ble den en ubarmhjertig demonstrasjon av hvem som var nedrst på popularitetslisten. Spenningen steg mot slutten av leken: Hvem ville bli stående igjen uten make, når alle pararrangementene var gjort? Med ulike tall som utgangspunkt, ble det nødvendigvis én ensom etter utvelgelsene.

■ ■ De utfrossede — eller i alle fall ikke-inkluderte — står sjelden frem med sine «ALDRIMER». De holder sine tragedier for seg selv. Men utrolige opplevelser om ekskluderinger i kirkemiljøet blir ofte tatt frem på tomanns-hånd, eller i den lille gruppen.

Her er noen linjer på vegne av de som gav opp, — fra et blad i

Oslo for mange år tilbake, under signaturen «Jank».

«Tapt mulighet» kalte han sin lille beretning:

Jeg er den gutten som alltid sitter bakerst — alene, ensom på møtene.

Jeg er den gutten som ser på de smilende, kristne mennesker som står sammen i grupper, samme gruppene hver gang, som ler og er medmennesker og synes de føler det kristne fellesskap.

Jeg er det menneske som hele tiden stirrer og søker etter øyne som også søker, søker etter å hjelpe og gi.

Jeg er den, din neste, du ser på med tomme øyne

og som du snur deg bort fra, bort til de gamle, slitte grupper.

Deres ufruktbare samtale gir deg mer.

Det samme hver gang. Hvorfor ser du meg ikke, kristne bror, du som skal lete etter oppgaver og muligheter til å praktisere din kristendom.

Jeg er den gutten som alltid satt bakerst alene, men som sluttet på grunn av skuffelsen over det kristne fellesskap.

Kan hende kunne denne «Aldri mer»-varianten gå som brev til norske menigheter?

Sundagsskuledag på Vaksdal



"Alle, alle vil han ha med, vil han ha med til himlen!"

Sundag 9.9. var det søndagsskuledag på Vaksdal for søndagsskulane i Vaksdal, Dale og Bergsdalen i sokner. Dagen tok til med barnetog frå gravplassen (!) på Tveitane (det kan ha fin symbolsk tyding--) og til kyrkja. Det vart "eit stille tog", for skulemusikken som skulle spela var for fåe til at dei våga seg frampå.

Men sant å seia, -hadde det ikkje vore festlegare med litt musikk likevel, om det ikkje vart topp kvalitet?? Takk til dei som var med, men større frimod neste gong!

I kyrkja forretta res.kap., og Lars Harberg preika. Til slutt vart alle søndagsskulane kalla fram og song fleire songar saman.



"Far og mor, liten og stor, søster og bror---"



Etterpå var det kyrkjebrus og -kaffi, og til slutt gjekk

leiken og praten livleg på leikeplassen til førskulen.



Kva overlækjaren har undersøkt!

Overlækjar Willey Olsson er spesialist i psykiatri og barnesjukdomar. Han har mellom anna i ei årrekkje vore overlækjar ved Oslo Helseråd. Der hadde han over ei lenger tid undersøking om tilhøvet søndagsskule/ungdomskriminalitet. Undersøkinga syner at born som hadde gått regelmessig på søndagsskule frå 4 til 12-13 år, sjeldan eller aldri kom i kriminalstatistikken.

Ein tankevekkjar både for foreldre og dei styrande organ!

Det viktigaste

- Du ønskjer å gje barnet ditt eit godt grunnlag for livet
- Du prøver å gje barnet tryggleik i ein god heim
- Det viktigaste du kan gje barnet, er ei kristen tru

U-landssundagen 1984 med temaet

RETTFERD OG FRED

Innpå halvparten av kyrkjelydane her i landet kjem til å markere u-landssundagen i år.

Det er ei gledeleg stor interesse. På dei fleste stadene vert u-landssundagen halden 25. november, slik Kirkens U-landsinformasjon har teke til orde for, men det er og stader kor andre datoar vert nytta, alt etter dei lokale tilhøva.

Kvifor vert u-landssundagen halden? Det er ganske enkelt fordi all den urett og naud vi møter til dagleg i massemedia er ei utfordring til oss. Som kristne i eit av dei rikaste land i verda kan vi ikkje stå som likesæle tilskodarar til nesten vår når han lid.

"Retttferd og fred" er tema for u-landssundagen i år. Ei slik markering åleine fører visseleg ikkje til konkret løysing av dei mange problem dette temaet peiker i retning av. Men det gjev i alle fall rom for ei uro og eit engasjement som gjennom gudstenesta vert knytta til den kristne trua vår. På den måten kan vi vere med på å påverke opinionen, og vi kan gjere vårt til at uroa vert omsett i handling. Og det er mange måtar å handle på: misjon, naudhjelp, solidaritetsarbeid, politisk arbeid, ny livsstil, forbøn...

Det viktigaste er at vi ikkje dreg ned rullegardinane og seier at vi er oss sjølve nok. Det skal u-landssundagen minne oss om.

RETTFERD OG FRED

Det er ikkje lett å kome til rette med orda rettferd og fred.

Den daglege flommen av nyheter gjev tvertimot inntrykk av at det heller er urett, naud og ufred som rår, særleg i den delen av verda vi ønsker å ha i tankane på u-landssundagen.

Mismodet vil gjerne ta kvar og ein som freistar gjere noko for rettferd og fred. Kløfta mellom rike og fattige land vert berre større, samstundes held det vanvettige våpenkappløpet fram, ikkje berre som hån mot det gudgjevne forvaltaransvaret, men og som trugsmål i retning av total utsletting av menneskeslekta.

Når vi i år har valt temaet "Retttferd og fred" for u-landssundagen, er det ikkje fordi vi saman skal riste på hovudet over dårskapen i verda. Det er ikkje ein undergangsfarga nå-må-de-ta-dykk-saman-moralisme som skal setje preg på u-landssundagen, men tvert om trua si faste visse om framtid og von.

For trua ser orda rettferd og fred først og fremst som bibelsk omgrep. Dei viser til ei djup forventning om at Gud held alt det skapte i si hand, og han vil ikkje undergang, men frelse og utløysing. I Bibelen er rettferd ikkje eit kaldt juridisk prinsipp bære oppe av krevjande paragrafar, men det er gåve og skyldnad til samfunn slik Gud sjølv er trufast mot folket sitt. Fred er ikkje fråvære av krig, men tryggleik og harmoni.

Gud er rettferdig. Jesus er fredsyrsten. Utsegn som desse skaper forventning midt i ei verd full av naud og ufred. Det er ønsket vårt for u-landssundagen 1984 at nett denne forventninga skal ruste kyrkjelydane til frimodig innsats for rettferd og fred i den verkelege verda vi lever i.




vern om livet ...



del rettferdig ...



skap fred ...



Retttferd og fred!



tenk framover ...



hjelp den svake ...



forkynn Guds rike ...

mens vi ennå har tid

Symbolet i år syner ein tronekrans med ein fugl som har bygd reir der. Tornekransen minner om vår eigen klode, om lidinga og trugsmåla vi veit så godt om. Men han minner og om Jesu liding, for oss og med oss. Ein fugl har funne plass til reiret sitt i tornekransen og vitner om tryggleik og von midt smerten og redsla.

På den måten tør vi og arbeide for rettferd og fred. For Gud gjev framtid og von.

Kjell Nordstokke



**Stor mime-
kunst i
gymnastikk-
salen på
Dale.
Sjå
referat!**



Fin konfirmantfest på Dale

Konfirmantane frå i vår var samla til fest saman med foreldre og andre den 27.9. Tre eldre konfirmantar var æresgjester, det vart ein fin festkveld med variert program..

Ten Sing med Turid Steinnes innleia festen, og dei song seinare og. Dei gledde oss med gode, friske og glade songar som gledde oss. Res.kap. Per Einar Sønnesyn heldt festtalen, eller kåseri, som han helst ville kalla det. Han fekk oss med i nye tankebaner, og gav oss verkeleg noko å tenkja på. Han understreka kva konfirmasjon i røynda er: Ei styrking og stadfesting av vår kristne tru. Såleis er vi i grunnen konfirmantar heile livet.

Fråhaldslaget "Kvite Band" hadde sytt for gode smørbrød og kaker, som vanleg. I fleire år har dei vore saman med soknerådet om desse festane, og vi skuldar dei stor takk. Vi kan alltid lita på dei.

Praten gjekk livleg kring festbordet, og heldt fram i samtale med æresgjesterne. Dei gav interessante atter-syn på konfirmanttida før. Konfirmant frå 1924, Marta Vaksdal Rødland, fortalde at Dale-jentene hadde kvite bomullskjolar og kvit sløyfe i håret, - medan jentene

frå andre krinsar kom i svarte kjolar og sløyfer. Gåver var det lite av, utstyret var gåvene den gongen. Stor familie var festlyden. Konfirmasjonen var 1. juni.

Men den 30. nov. same året var det ny konfirmasjon, og der var Sigmund Prestegaard med. Det var stor stas med ny dress, paraply og hatt, - alt kjøpt i bydn. Og dressen kosta visst heile 50 kr! Presten Møllerup konfirmerte desse to.

I 1944 var Astrid Rolland Fosse krigskonfirmant, - ei vanskeleg tid for fest og glede. Gjennom slekt og vener vart likevel festmat skaffa. Ja, - fløyten kom frå Rødland, frå Marta! Og blå kjole og svarte snøresko vart det ei råd med, endå rasjoneering laga vanskar. Den ungdommelege og folkelege Johannes Stokke var konfirmantprest for ein flokk på 47 unge. Det var trøngt i gamlekyrkja den dagen!

I ein skarp spørjekonkurranse mellom jubilantane gjekk Marta av med sigeren, - svært populært.

Stor lukke gjorde ein "mime-stafett", der Magne Steinnes først synte Einvald Lønne eit yrke, - storfelt mime-kunst! Og Einvald fylgde opp i stor stil med framsyning for Hege Hesjedal, som nok trivla litt i mørke då ho skulle kopiera kunsten, - elefantvasking! Stor jubel!

Fleire leikar skapte og liv og humør. Ein god film avslutta festen, og gav mykje å tenkja på.

Elve.



TV-innsamlinga i år:

Aksjon Amnesty 1984

I fleire år har ei stor TV-innsamling gitt kjærkomne tilskot til gode føremål. Aksjonen i år er etta Amnesty International, ein menneskerettsorganisasjon som har ein gledeleg stor oppslutnad i vårt land.

TV-aksjonen er lagt til søndag 28. oktober. Då skal hjartetlag og gjevarglede få eit nytt høve til å falda seg ut!

Det nyttar!

Amnesty International er ein menneskerettsorganisasjon. Den har som mål å finna fram til personar som er fengsla eller forfølgde på grunn av rase, kjønn eller avstamning, eller på grunn av politisk overtvinging eller religiøs tru (samvitsfangar). Dessutan motarbeider organisasjonen tortur og dødsstraff.

Verkemåtar er å leggja press på personar som representerer styresmaktene i dei forfølgde sine eigne land gjennom brevkampanje, mediabruk og aksjonar på alle plan. Eit anna mål er å gjera ålmenta elles i verda merksam på dei grove brot på menneskerettane som går føre seg i meir enn 120 land.

Gjennom ein liten innsats frå vår side kan vi hjelpa til at ein av dei mange fangane vert sett fri eller får fengselstilhøva betra. Eit slikt mål er verd arbeidet. Det nyttar!

Amnesty International TEIER IKKJE!

«Då nazistane tok kommunistane, sa eg ikkje noko, for eg var ikkje kommunist. Då dei tok jødane, sa eg heller ikkje noko, for eg var ikkje jøde. Så tok dei fagforeningsleiarane, og eg sa framleis ikkje noko, for eg var ikkje med i noko fagforeining. Til slutt tok dei meg — og på det tidspunktet var det ingen som vågde å seia noko meir. . .»

Pastor Martin Niemøller.

Amnesty International teier ikkje. Organisasjonen er på utretteleg jakt etter personar som av ymse grunnar er fengsla eller forfølgde.

Skal Amesty International få gjort eit effektivt arbeid, må organisasjonen ha eit høgt medlemstal. Organisasjonen er sett saman av friviljuge, som gjennom medlemskapen vert med på dei ulike kampanjeformene.

Ein som vert *månadskampanjemedlem*, får i oppdrag å skriva brev til representantar for styresmaktene i fangane sine heimland. Brevna kan vera på nokre få liner, og ein får eit hefte til rettleiing.

Medlemene betaler 200 kroner året (studentar og pensjonistar 100 kroner). Amnesty Nytt er den norske avisa for organisasjonen.



Ei bakgrunnshistorie for fangane vert send frå Amnesty International, Norsk Avdeling, kvar månad. Vi gjev att nokre døme frå mars 1984:

Suleyman Yasar, Tyrkia:

Barneskulelærer, 37 år gamal. Sonar 8 års fengselsdom for medlemskap og ikkje-valdelege aktivitetar i den tyrkiske lærarorganisasjonen Tob-der. Dessutan vart han for livstid fråteken retten til å vera lærar eller ha ein annen offentleg stilling.

Hoang Cam, Vietnam:

63 år gamal, tidlegare diktar. I august 1982 skal han ha bedt ein vietnamesisk emigrant som gjesta Hanoi, om å ta med seg ei upublisert diktsamling til dotter hans i USA. Emigranten vart ransaka på flyplassen og diktsamlinga konfiskert. Nokre dagar etter vart dikteren arrestert for å ha «kulturelt samband med utlandet».

Kyrkjerådet stør Aksjon Amnesty 1984

«Kyrkjerådet vil gjerne stø kampen for menneskeverd og menneskerett. Når ein veit at menneska er skapte i Guds bilete og til meningsfullt samfunn for kvarandre, må det forplikta til innsats. Det er difor naturleg at kristne engasjerer seg mot alle former for maktmisbruk, undertrykking og brot på menneskerettane.

Slik lyder det i ei fråsegn Kyrkjerådet har gitt. Rådet vedgår at dei mange brota på menneskerettane som oftast har samanheng med urettferdige samfunnsordningar. Som kristne vedgår vi óg at det er ei følgje av mennesket sitt opprør mot Gud når medmenneske vert undertrykte og fråtekne rettane sine, seier Kyrkjerådet.

I fråsegna viser ein til at Amnesty International med rette er kjent for ein forbiletleg innsats for menneskerettane. Det fell difor naturleg for Kyrkjerådet å målbera stønad til Aksjon Amnesty 1984, både fordi mange kristne har funne ein naturleg plass i organisasjonen, men enda meir på grunn av den tillit Kyrkjerådet har til dei målsettingane og arbeidsformene organisasjonen har.

Fanget

Johannes 8,34

Jesus svarte dem: Sannelig, sannelig, det sier jeg dere: Den som gjør synd, er syndens trett.

Hvis jeg stjeler fra mors pung, må jeg lyve for ikke å bli oppdaget. Så får kanskje lillebror skylden for det jeg har gjort.

Å stjele er galt å lyve er galt

å gi andre skylden er galt.

Det er som om jeg er fange hos alt det gale jeg gjør

må stadig gjøre nye gale ting

Helt til jeg innrømmer at det var meg som stjal

Da er jeg ikke fanget lenger.

VÅRT LAND

Foto: MARIANNE LYSTRUP



Kjell Grønners liv mellom to bokpermer



Arkiv: Roar Christiansen
Kjell Grønner (bildet) er kirkes viktigste ungdomsleder siden 1945, hevder forfatteren og prestekollegaen Sverre Inge Apenes.

RUNE VALDERHAUG

Bergens-presten og ungdomslederen Kjell Grønner skal nå få brettet ut slitt liv i bokform. Om et par uker er boken «Gud kan», på markedet, og den er ført i pennen av Grønners prestekollega Sverre Inge Apenes, som for øvrig også er ute med en biografibok om skuespilleren Wenche Foss denne høsten.

— Dette blir en ekte Bergens-bok, sier Apenes, som selv er menighetsprest i Oslo. Jeg betrakter Kjell Grønner som Den norske kirkes viktigste ungdomsleder siden 1945, og mener at hans glade og positive liv har interesse for et større publikum, fremholder Apenes overfor Bergens Tidende.

— Du har med andre ord skrevet Kjell Grønners biografi?

— Ja, det er en biografi. Men samtidig noe mer. Jeg har vært svært opptatt av å formidle Kjell Grønners personlige kristne vitnesbyrd, hva han har opplevd som kristen helt fra guttedagene. Grønner har betydd enormt mye for kirkes ungdomsarbeid i mange år.

Boken skal altså reflektere hele Kjell Grønners nesten 49-årige liv, fra barndommen via prestestudier til ulike former for ungdomsarbeid. Grønner begynte sin løpebane som ungdomsleder i studieårene i Oslo. Som nybakt prest havnet han i daværende Bergens Ynglingeforening, og det var der han i sin tid startet Bergen Ten Sing, en idé som etter hvert spredte seg over hele landet i form av Ten Sing-grupper og gospelkor som krydde opp nær sagt som paddehatter.

Ten Sing-bevegelsen lever fremdeles i beste velgående, og har også fått sine avleggere både i Danmark, Storbritannia og Vest-Tyskland. Etter å ha studert ungdomsarbeid i USA i 1970, etablerte Grønner Shalom ungdomssenter i C. Sundts gate. Dette ble drevet som et åpent kristent ungdomssenter for uorganisert ungdom i Bergen.

I 1973 ble Grønner generalsekretær i Norges kristelige Ungdomsforbund, en stilling han hadde inntil han ble ansatt som fengselsprest i Bergen.

PROGRAM FOR AKSJONSVEKA DALE/STANGHELLE

Sundag 28. okt. kl. 17.00 Stanghelle bedehus.

"Når såg vi deg i fengsel?" v/Olav Fjose.
Stanghelle Musikklag. Born vert med.
Gåve til TV-innsamlinga til Amnesty International.

Tysdag 30. okt. kl. 19.30 Dale kyrkje.

Ragna og Olav Toft i Muhammedanermisjonen.
Song av Stamnes Damekor.

Onsdag 31. oktober kl. 19.30 Dale kyrkje.

Ragna og Olav Toft. Song av Dale Mannskor.
Trømpet v/Per Jørgensen.

Torsdag 1. nov. kl. 19.30 Dale kyrkje.

Olav Fjose. "Lysbilete."
Dale kyrkjekor.

Fredag 2. nov. kl. 19.30 Dale kyrkje.

Ungdomskveld. Fengselsprest Kjell Grønner.
Dale Ten Sing, "Fides" og Stamnes Ungdomskor.

Sundag 4. nov. kl. 11.00 Stanghelle bedehus.

Familiegudsteneste v/sokneprest Steinnes.
Sundagsskolen og skulen tek del med
song og musikk.

Sundag 4. nov. kl. 17.00 Dale kyrkje.

"Heile kyrkjelyden syng." Olav Fjose.
Misjonskvartetten. Musikk v/Rudolf Strating m.fl.

«Takk - misjonen»

Av ERLING BØ VÅRT LAND

Norske misjonærer har i vesentlig grad vært med på å redde Madagaskars kultur og språk. Det mener fremtredende politikere fra øya som denne uka har besøkt Norge.

- Folket på Madagaskar er dypt takknemlige for norske misjonærers innsats i over 100 år på øya utenfor Sør-Øst Afrika, sier finansminister Pascal Rakotomambo.

På gassisk

Han peker på at mens franske koloniherrer med loven i hånd ville tvinge gasserne til å bruke fransk i skoleverket, var misjonærene fra Norge konsekvente motsett vei: all opplæring foregikk på gassisk.

Gave

Derfor var norsk misjon på kollisjonskurs

med kolonistene, og på parti med den lokale kultur. Det er den største gave noensinne har gitt Madagaskar, framholdt finansminister Rakotomambo og spesialrådgiver for landets president, Nirina Andreamanerasoa

Politikerne hadde et møte med statsråd Reidun Brusletten nylig.

De to har vært på besøk her i landet den siste uken, og har rettet en varm takk til Norge for den innsatsen våre misjonærer har gjort:

- Det beste dere har gjort for oss er en storartet hjelp til å bevare vårt språk og vår kultur! sa finansminister Pascal

Rakotomambo og spesialrådgiveren Nirina Andreamanerasoa.



har reddet vår kultur»

Frå kyrkjebøkene

DØYPT

DALE

19.08. Ole-Anders Brekklus

30.09. Monica Meland Sigurdson

STAMNES

16.09 Mariann Stien

EKSINGEDALEN

14.10. Maria Lavik

V I G D E

DALE

09.06. Rita Fjellheim og
Per Ove Fotland,
vigd i Bremnes kyrkje.

24.08. Tove Bruvik og
Svein Erdal.



06.10. Bente Risnes og
Ståle Nesse.

A V L I D N E

DALE

19.09. Johan Sverre Kulen, f.1924.

STAMNES

15.09. Karl Stamnes, f. 1899.

16.09. Maria Berglund, f.1902.

20.09. Oline Kallestad, f.1896.

EKSINGEDALEN

23.09. Hårek Flatekval, f.1899



FRÅ FITJAVASSTEMNA 1984. Midt framme, med hatt, ser me
Grethe Øpstebø, som vart visla til misjonær 11.8. på Dale.

Aksjonsveka på Dale og Stanghelle



Olav Fjose

Det vert aksjonsveke også dette året. Dei fleste møta vert lagt til Dale kyrkje som tidlegare, men me freistar å leggja to av samlingane til Stanghelle. Allereide fyrste kvelden vert det samling i Stanghelle bedehus. Dette er den 28. oktober, dagen for den store TV-innsamlinga til Amnesty International. Dette er og eit kristent ansvar som ein vonar å få fram denne kvelden. Prost Olav Fjose vert med. Han var aktivt med i det illegale arbeidet under krigen - også her i kommuna - og måtte røma til Sverige ikkje utan dramatik. Seinare var han prest for nazi-fangar etter krigen. "Når såg vi deg i fengsel?" er emnet som er sett opp. Elles vert skuleborn frå Stanghelle med. Dei vil ha ulike innslag. Generalsekretøren i Muhammedanarmisjonen, Olav Toft, vert med to kveldar i aksjonen. Han har tidlegare vore misjonær i Kamerun og lærar ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Kona Ragna vert og med. Dei er forresten ikkje så sjeldan på desse kantar då sonen er gift med ei Vaksdaljente. Fredagskvelden er sett av som ungdomskveld. Fengselsprest Kjell Grønner vert med oss då. Me gjev presentasjon av han annan stad i bladet. Ungdomskora på Vaksdal, Dale og Stamnes vert med. Det vert elles mykje song og musikk av dei lokale krefter som bur i kommuna. Me vil særleg nemna Rudolf Strating og Elisabet Moen som vert med på "Heile kyrkjelyden syng" 4. november med trompet, sekkepipe og langeleik.

Når me leggopp til desse årlege aksjonane, er det eit ynskje om å nå lengre med den kristne bodskapen. Me trur at det er mange som både har sagt eit ja og ynskjer å seia eit ja til bodskapen, men som ikkje har funne sin plass i det kristne fellesskapet. Me vonar at aksjonen kan vera ei varm og god innbyding til fellesskap og omsorg.

MS

Leiarhelg på Eikeneset

Leiarane i Vaksdal, Stamnes og Dale Ten-sing var samla i Strandebarm i helga 12.-14. oktober. Me var 26 vaksne og 6 born.

Temaet for helga var leiaromsorg. Laurdagen hadde me vitjing frå Krets-kontoret til NKUF. Det var to fine karar som lærte oss om det å ha omsorg, ta vare på, og hjelpe kvarandre. Dette var noko som fenga dei fleste, og praten gjekk lenge etterpå.

Dessutan fekk me verkeleg prøva det å leva i eit fellesskap. Ei slik helg vonar me skal bli ein årvisst tradisjon, ganske enkelt av di me treng å bli voreleig kjende me kvarandre, for i det heile å kunna samarbeida.

Elles så hadde me korøving og lærte oss to songar, som me framførde i Strandebarmskyrkja sundagen. Dette var svært vellukka. Eg trur alle hadde ei triveleg og lærerik helg.

HKR

(Hilde Karin Risnes)



Kyrkjeforeningsbasar

Det er tid for Kyrkjeforeningsbasar på Dale igjen. I år vert det 29.10 - 3.11.84. Loddosal på Dale Handelsforening alle dagar. Utstilling av gevinster på Fabrikksutsalget. I fjor hadde vi åpent hus i "Moses-huset" Kyrkjegata 5, og det var veldig kjekt. Difor satsar vi på det i år også. Opningstid: Tysdag 30. okt - fredag 2. nov. kl. 12.00-17.00. Då kan du få kjøpt kaffi m.m. - lynlotteri, og vi har i år laga ting for sal, som kan vera til julegaver t.d.. Elles satsar vi på at ein prat og kos er svært nyttig! Anten du har vore i "Moses-huset" eller ikkje - så er du hjarteleg velkomen innom. Laurdag 3. november kl. 17.00 vert det så basar/kyrkjelydsfest i Forsamlingshuset. Vel møtt!

Turid Steinnes



VELKOMEN TIL KYRKJE

OKTOBER

28. Bededag.

Bergsdalen kl.11.00 Rk.Sønnesyn.
Familiegudsteneste.Utdeling av
"Mi kyrkjebok",Offer til Redd Barna.
Nesheim kl.11.30 Sp.Steinnes.
Familiegudsteneste.Utdeling av
"Mi kyrkjebok." Song.Offer til
IKO/Bergen søndagskolekrets.

NOVEMBER

04. Helgemesse-sundag.

Vaksdal kl.11.00 Rk.Sønnesyn.
Nattverd.Offer til Samemisjonen og
Indre Sjømannsmisjon.
Stanghelle bedehus kl.11.00
Familiegudsteneste,Sp.Steinnes.
Stamnes kl.18.00 Rk.Sønnesyn.
Ungd.koret.Offer til Den norske
Sjømannsmisjon.

11. 22.sundag etter pinse.

Eksingedalen kl.11.00 Rk.Sønnesyn.
Offer til Soknerådet.
Dale kl.19.00 Rk.Sønnesyn.Nattverd.
Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

18. 23.sundag etter pinse.

Eidsland kl.11.00 Spr.Steinnes.
Nattverd.Offer til Misjonssambandet.
Vaksdal kl.18.00 Spr. Steinnes.

25. Siste søndag i kyrkjeåret.

Dale kl.11.00 Spr.Steinnes. Offer til
Soknerådet.Misjonskvartetten.Kyrkjeskys
Stamnes kl.11.00 Rk.Sønnesyn.Song av
Damekoret.Offer til Blå Kors.Kyrkjeskys

25. Siste søndag i kyrkjeåret.

Dale kl.11.00 Spr.Steinnes,Misjons-
kvartetten.Offer til Soknerådet.
Kyrkjeskys.
Stamnes kl.11.00 Rk.Sønnesyn
Song av Damekoret.Offer til Blå
Kors.Kyrkjeskys.

DESEMBER

02. 1.sundag i advent.

Dale kl.11.00 Rk. Sønnesyn.
Offer til Hvite Bånd.
Nesheim kl.11.30 Spr.Steinnes
Nattverd.
Vaksdal kl.18.00 Rk.Sønnesyn.
Lysmesse,
08.Eksingedalen kl. 16.00
Lysmesse/konsert.Rk.Sønnesyn.

09. 2.sundag i advent.

Vaksdal kl.11.00 Spr.Steinnes.
Nattverd.Offer til Muhammedaner-
misjonen/Misjon,bak jernteppet.
Stamnes kl.11.00 Rk.Sønnesyn.
Nattverd.Offer til Misjon bak
jernteppet.Kyrkjeskys.
Dale kl.17.00 Lysmesse.



TOVE MARGRETE
NORDMARK

er tilsett som klokkar
i Vaksdal.Ho har mellom-
fag i kristendom og fol-
keminne,og grunnfag i
norsk.Dessutan har ho
vore med i kyrkjelyds-
arbeid.I Vaksdal er ho
forman i IKO-utvalet.
Me ynskjer lukka og
signing i tenesta!

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73. bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.